

SAK 50/15 HALLINGDAL TINGRETT – FELLES RETTSSENTER FOR HALLINGDAL**Saksopplysing**

Regionrådet for Hallingdal har dei siste åra hatt sak om felles rettssenter oppe til drøfting fleire gonger:

Sak 41/13 Felles forliksråd for Hallingdal**Vedtak**

1. *Regionrådet for Hallingdal ynskjer å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal.*
2. *Regionrådet for Hallingdal vil gå i dialog med Nordre Buskerud politidistrikt med tanke på å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal. Der m.a. felles sekretariatsfunksjon må avklarast.*
3. *Etter at nødvendige vurderingar og avklaringar er gjort skal saka sendast kommunane for vidare handsaming.*

Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å etablere eit Lokalt rettssenter for Hallingdal, og vil i det vidare arbeidet ta ein koordinerande rolle.

Sak 11/14 Samlokalisering av Hallingdal Tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett

1. *Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal.*
2. *Ut frå dagens lokalisering av tingrett og jordskifterett og dei prinsipp Regionrådet for Hallingdal ynskjer at skal gjelde for lokalisering, ser Regionrådet for Hallingdal det som naturleg at lokalisering av eventuelt felles rettssenter for Hallingdal enten blir Nesbyen eller Gol.*
3. *Regionrådet for Hallingdal deltek gjerne i møter med Domstolsadministrasjonen, for å underbygge felles standpunkt.*

Noko av bakgrunn for sak 11/14 var brev dat. 27.2.2014 (vedlagt) frå Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett der Regionrådet vart utfordra på synspunkt i høve til samlokalisering og etablering av lokalt rettssenter i Hallingdal. Utgangspunktet var at Domstolsadministrasjonen etter initiativ frå Justisdepartementet, ber domstolane om å koma med synspunkt på mellom anna samlokalisering. Fristen for domstolane til å koma med sine synspunkt var satt til 14.3.2014. Eventuell gjennomføring av samlokalisering og kor den samlokaliserte domstolen skal ligge i Hallingdal, blir avgjort av Domstoladministrasjonen. Som det går fram av brevet er Tingretten og jordskifteretten i Hallingdal positive til å arbeide for ei samlokalisering.

Sak 34/15 Rettssenter Hallingdal**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal støttar etablering av felles rettssenter for Hallingdal (jf. feb. 2014). Under nokolunde likeverdig forhold mellom Nesbyen og Gol støttar Regionrådet for Hallingdal felles rettssenter ved Tinghuset i Nesbyen, og ber Domstolsadministrasjonen legge vekt på denne innstillinga i si avgjerd.

Seinast var saka oppe til drøfting i møte (regionrådet) 21.9.2015. Utgangspunktet då var at Domstoladministrasjonen (DA) i løpet av hausten 2015 vil vurdere mogeleg samanslåing av fleire tingrettar (fyrsteinstansdomstolar), der også Hallingdal Tingrett står på lista.

Konklusjonen frå møte var at dette er ei svært viktig sak for Hallingdal som Regionrådet må ta tak i og ha som sak på fyrste møte, 16.10.2015.

Historikken i forhold til DA sitt arbeid er kort oppsumert:

- Etter initiativ frå Justisdepartementet, ber DA domstolane om å koma med synspunkt på mellom anna samlokalisering (brev dat. 21.2.2014). Fristen for domstolane til å koma med sine synspunkt var sett til 14.3.2014.
- Tingretten og jordskifteretten i Hallingdal var positive til å arbeide for ei samlokalisering
- Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal.
- Det vart sett ned eitt brukarutval med rep. frå både tingrett og jordskifterett. Brukarutvalet var i dialog med DA om romplan for ein samlokalisert domstol
- DA hadde møter med Nes og Gol kommune
- Epost frå DA 8.5.2015:
Domstoladministrasjonen viser til henvendelse av 4.5.2015. I samarbeid med domstolene har det vært arbeidet for å utforme et romprogram basert på en samlokalisering. Dette arbeidet har dessverre tatt noe lengre tid enn forventet. Vi håper å avslutte denne prosessen før ferien og på dette tidspunktet kunne informere kommunene om fremdriften for samlokaliseringalternativet.
- Brev frå DA (vedlegg 2), dat. 9.7.2015 der dei skrinlegg samlokalisering av domstolane i Hallingdal
- Brev frå DA (vedlegg 3) til domstolsleiarar 15.9.2015, der dei orienterer om arbeid med forslag til strukturendringar i domstolane hausten 2015.

Angåande DA sitt siste utspel i forhold til Hallingdal gjeld det mogeleg samanslåing av Hallingdal Tingrett og Ringerike Tingrett. Jordskifteretten er ikkje omtala i denne omgang.

DA tek sikte på ei framdrift i arbeidet som inneberer at DA sine konkrete forslaga til samanslåing kan sendast Justis- og beredskapsdepartementet ved årsskiftet 2015/16. Dette vil seie at Stortinget eventuelt kan ta stilling til forslaga hausten 2016.

DA sitt motiv for omfattande strukturendringar er m.a. med bakgrunn i evaluering av strukturendringane i fyrsteinstansdomstolane som DA gjennomførte i 2010, etter at talet på domstolar var redusert frå 92 til 66. DA hevdar dei også har bygd vidare på dei uttalar domstolsleiarane kom med i 2014 då DA på initiativ frå Justis- og beredskapsdepartementet innhenta synspunkt på domstolstrukturen.

Legg og ved lesarinnlegg (Hallingdølen 6.10.2015) frå direktør i Domstoladministrasjonen Sven Marius Urke, der han prøver å gjera greie for kvifor DA vurdera samanslåing av tingrettar.

I forslag til stasbudsjett frå Justis- og beredskapsdepartementet (Prop.1 S (2015–2016)) står det ma:

4.6.5 Sammenslåing av domstoler

Økt kompleksitet i sakene som behandles i domstolenestiller høyere krav til den enkelte dommer. Små domstoler er særlig sårbar for de utfordringene mer komplekse og kapasitetskrevende saker utgjør. Regjeringen ønsker større tingretter for å lette avviklingen av ressurskrevende saker og rettssaker med flere dommere, og for å møte krav og faglige utfordringer samfunnet vil stille i fremtiden. På denne bakgrunn sendte departementet 5. juni 2015 på høring forslag til sammenslåing av følgende tingretter (lokaliseringforslag i parentes): Aust-Telemark og Nedre Telemark tingrett (Skien); Jæren tingrett og Dalane tingrett (Sandnes); Sør-Trøndelag tingrett og Fosen tingrett (Trondheim); Modum, Eiker og

Sigdal tingrett og Kongsberg tingrett (opprettholdes på hhv. Kongsberg og Hokksund), Bergen tingrett og Nordhordland tingrett (Bergen).

Høringsfristen var 5. september 2015. Høringsuttalelsene er til behandling i departementet.

Regjeringen tar sikte på å gjennomføre de ovennevnte sammenslåingene i løpet av 2016.

Domstoladministrasjonen har ansvaret for den praktiske gjennomføringen av sammenslåingene.

Regjeringen vil utarbeide plan for ytterligere sammenslåinger.

Vurdering

Dette er ei svært viktig sak for Hallingdal, ut frå to hovudmotiv.

- Domstolane skal vera til for innbyggjarane, med nokolunde like god servicegrad i ein region som Hallingdal som i ein by som Drammen.
- Domstolane representera ein type arbeidsplassar som distriktsregionane sårt treng. I tillegg skapar domstolane indirekte arbeidsplassar ved at m.a. advokatfirma ser det som føremålstenleg med kontor i regionar der det er domstol.

I dei vidare vurderingar er det i tillegg eit viktig poeng å vurdere korleis tingretten faktisk fungera i dag, eventuelle forbettingspotensiale og reell vurdering av samlokalisering av jordskifterett og tingrett.

Etter dagleg leiar sitt syn blir det skapt oppfatningar og trekt slutningar frå Domstoladministrasjonen, som det kan vera vanskeleg å skjøne. I vurderingane er dette prøvd synleggjort med nokre døme.

I forhold til prosessen som er gjennomført i Hallingdal med tanke på samlokalisering av tingrett og jordskifterett opptrer her Domstoladministrasjonen i beste fall utruleg klossete og i verste fall svært bereknande. Mange har gått inn i eit arbeid med den oppfatning at DA ser på Hallingdal som interessant for ein samlokalisert domstol. I brev frå DA (vedlegg 2), dat. 9.7.2015 der dei skrinlegg samlokalisering av domstolane i Hallingdal er argumentet økonomi. Det kan verke som det har vore noko ulik oppfatning mellom brukarutvalet og DA i forhold til arealbehov. Forskjellen i årleg meirkostnad er av DA stipulert til 0,7 mill. kroner. Det kan her verke som brukarutvalet har tenkt langsiktig i forhold til arealbehov medan DA meir har vurdert dagens behov. Etter dagleg leiar sitt syn er prosessen samlokalisering avslutta på eit alt for tidleg tidspunkt, dersom det var ein reell intensjon om samlokalisering. Her bør det gjerast nærmere avklaringar både i forhold til:

- Dagens og framtidig rombehov
- Gevinstar ved samlokalisering, event. også med felles forliksråd for Hallingdal
- Infrastruktur IKT
- Nærare vurdering av kva reell husleige kan bli

Sjølv om Domstoladministrasjonen har avslutta vurderingane om eit felles rettssenter for Hallingdal, bør etter dagleg leiar si vurdering, dette alternativet vurderast nærmere.

I St.meld. nr. 23 (2000-2001) vart det lagt til grunn at domstolar med minst fire dømmande årsverk ville ha ein storleik som tok høgde for framtidige krav til domstolane. Omsynet til reisetid og andre kriterier ville likevel gjera det nødvendig å oppretthalde eit vesentleg tal domstolar med mellom to og fire dommarårsverk. Eit av hovedargumenta i 2001 for å gjennomføre strukturendringane var å styrke fagmiljøet i domstolane.

I lesarbrev (Hallingdølen 6.10.2015) frå direktør i Domstoladministrasjonen Sven Marius Urke, blir det m.a. sagt:

En tilpasning av domstolsstrukturen til brukernes behov og økonomiske realiteter er ikke noe nytt. I 2001 bestemte Stortinget at antall tingretter skulle reduseres fra 92 til 66. Etter gjennomføringen foretok DA i 2010 en evaluering av disse sammenslåingene.

Tilbakemeldingene var stort sett svært positive. På bakgrunn av evalueringen konkluderte et enstemmig styre med at tingrettene som et minimum bør ha 8 til 10 dommere og omrent det samme antall saksbehandlere. I strategien for norske domstoler frem mot 2020, som styret i DA vedtok i desember 2013, er en videre tilpasning av tingrettsstrukturen et sentralt element for moderniseringen av norske domstoler.

Ei endring i ca. storleik dømmande årsverk frå 4 (stortingsmelding) til 8-10 utan ei grundigare vurdering enn det styre i DA (9 stk.) har kome fram til verkar ikkje tillitvekkjande.

Rett nok blir det sagt at det kan gjerast unntak frå minimumsbemanning ut frå omsynet til reisetid.

Endringane i domstolsstruktur har gjeve lengre reiseavstandar til domstolen både for profesjonelle brukarar og det rettssøkande publikum. Dette er eit forhold som i liten grad blir problematisert og uttrykt at er ei ulempe, slik det kjem til uttrykk i evalueringa.


Det er ingen grunn til å tru at DA har gjort eller har tenkt å gjera nokon form for samfunnsøkonomiske vurderingar av problemstillinga. Dette er sjølv sagt eit vesentleg spørsmål.

I lesarinnlegg blir det og hevdat at «*Tilbakemeldingene var stort sett svært positive*» i den evalueringa DA gjennomførte i 2010. Her er det viktig å ha med seg at av 16 spørsmål som omhandla situasjon etter at strukturendringa var gjennomført omhandla berre eitt spørsmål brukarane. 15 spørsmål omhandla det indre liv.

Frå brukarane var attendemeldingane langt frå «svært positive»:

13. Jeg har fått positive tilbakemeldinger fra publikum og profesjonelle brukere på strukturendringene som de har vært berørt av

13. Jeg har fått positive tilbakemeldinger fra publikum og profesjonelle brukere på strukturendringene som de har vært berørt av.



Alternativer	Prosent	Verdi
1 Helt uenig	11,9 %	7
2 Uenig	22,0 %	13
3 Delvis uenig	11,9 %	7
4 Delvis enig	15,3 %	9
5 Enig	20,3 %	12
6 Helt enig	6,8 %	4
-1 Vet ikke	11,9 %	7
Total		59

Rekruttering er eit tema som også blir nytta som argument, der både sentralitet og storleik på domstol er argument for å sentralisere. Her er det viktig å vurdere ut frå dei faktiske forhold. Hallingdal er ingen «utkant» region, men ein attraktiv region å busetja seg i. Det er heller ikkje spesielle utfordringar ved å rekruttere til stillingar som krev høgare utdanning. Når det gjeld rekruttering av dommarar til Hallingdal Tingrett har heller ikkje det vore noko problem. Hallingdal har i dag ein rimeleg god advokatdekning. Dette har vesentleg betydning for både næringslivet og innbyggjarar. Dersom tingretten blir flytta ut av regionen er det og store mogelegheiter for at advokatfirma legg ned si verksemid i Hallingdal.

I dei vurderingane som blir gjort ville det og vera naturleg å sjå på korleis tingretten faktisk fungera både i forhold til kvalitet og effektivitet. Ut frå oppslag i Bergens Tidende 15.9.2015 (vedlegg 5) vil ein sjå at Hallingdal Tingrett kjem svært godt ut i forhold til behandlingstid. 24 av 65 tingretter ligg godt under krava til saksbehandlingstid – oversikta syner at dei därlegaste i klassen stort sett er store og mellomstore domstolar. Etter oversikta kan det sjå ut som om dei minste domstolane kjem best ut i forhold til resultat/effektivitet. Krava til saksbehandlingstid er for sivile saker 180 dagar frå innkomst, tilstælssessaker 21 dagar, og vanlege straffesaker 90 dagar. Hallingdal ligg godt innanfor krava for alle sakstyper pr. 30.06.2015.

I oppslag i BT blir og direktør i Domstoladministrasjonen intervju og konfrontert med tala. Medisinen er halvering av domstolar, «med så mange tingrettar som i dag, blir det altfor mange ulike rutinar og arbeidsmåtar. Færre tingretter vil gjøre det lettere å harmonisere saksbehandlingen». Trua på at det er samsvar mellom stort og effektivitet er tydelegvis godt forankra i DA. Men som i mykje av kommunal forvaltning syner det seg at handsaming av saker er meir effektiv i små kommunar enn i store, t.d. byggesaker og plansaker. Det kan sjølv sagt vera forklaringar i forhold til kompleksitet og ressursar, men dagleg leiar er ikkje kjent med nokon forsking som seier at store einingar i offentleg forvaltning er meir effektive enn små. Inntil det motsette er bevist vil dagleg leiar hevde at små einingar ofte har ein større grad av fleksibilitet og evne/vilje til å få unna saker.

Det er sjølv sagt argument for ein viss storleik i forhold til attraktivitet, kapasitet og sårbarheit. Samstundes er det her ingen fasit og Hallingdal har klart seg bra. Dersom ein skulle følgje Domstoladministrasjonen si tilnærming og tru ville regionar som Hallingdal etter kvart miste mange av sine små, men livskraftige fagmiljø. Dette vil på sikt kunne skapa ein negativ spiral i staden for å utvikle livskraftige distriktsregionar, der staten er ein hjelpe motor. Det er også eit paradoks at staten initierer ulike program for å styrke distrikta i forhold til rekruttering og nye type arbeidsplassar for personar med høgare utdanning, samstundes som dei mest nærliggande incitamenta lever sitt eige liv.

Den type tenester som ein domstol er, blir alt for ofte isolert til ein diskusjon om domstolen sitt ve og vel. Publikum er tema men blir ikkje vektlagt i nemneverdig grad. Indirekte konsekvensar for næringsliv og regional utvikling er fråverande i DA sine vurderingar. Det kan kanskje vera rett, men då blir det både meiningslaust og arrogant med ein slik uttale frå direktør i Domstoladministrasjonen Sven Marius Urke:

«DAs uavhengige rolle og lovpålagte ansvar for utviklingen av domstolene, basert på domstolsfaglige hensyn, tilsier en viss tilbakeholdenhett fra regjering og Storting med å overprøve DAs sentrale vurderinger. Den man gir et styringsansvar må man også utstyre med styringsevne.» Domstolsfaglege omsyn er sjølv sagt viktige, men at domstolane skal vera i ei særstilling i forhold til andre statlege etatar blir merkeleg.

Kva seier regjering og storting

10. juni 2014 handsam Stortinget eit forslag (8:47 S (2013-2014)) om ein plan for fordeling av statlege arbeidsplasser og statlege kompetansemiljø i heile landet.

Komiteen si tilråding om at Stortinget ber regjeringa fremme forslag til tiltak som sikrar at ny statleg verksemd som hovudregel blir lagt utanfor Oslo og bygger opp under livskraftige regionar vart vedteke. *Stortinget ber regjeringen fremme forslag til tiltak som sikrer at ny statlig virksomhet som hovedregel legges utenfor Oslo og bygger opp under livskraftige regioner.* Regjeringen har fått frist på seg til våren 2016.

28.11.2014 vedtok regjeringa nye [retningslinjer](#) for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon. Den statlege lokaliseringspolitikken skal, ved oppfølginga av desse retningslinjene, medverke til:

- ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet
- lokalisering av statleg tenesteproduksjon som i størst mogleg grad sikrar befolkninga i alle delar av landet god tilgang til statlege tenester
- at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo
- at kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing vert inkludert i vurderinga av lokaliseringsalternativ

Ut frå at DA ikkje har teke innover seg den politiske viljen til også ha fokus på regional utvikling i samband med statlege arbeidsplassar blir det avgjerande og heilt nødvendig med ei grundig politisk handsaming av dei forslag DA måtte koma med.

Vidare arbeid

Dagleg leiar vil forslå at følgjande aktivitetar blir gjennomført:

- I samarbeid med DA, avklare:
 - Dagens og framtidig rombehov for eit rettssenter i Hallingdal
 - Avklare om tilgrensande kommunar kan lokaliserast til Hallingdal
 - Gevinstar ved samlokalisering, event. også med felles forliksråd for Hallingdal
 - Infrastruktur IKT (kva kan Hallingdal «hjelpe» til med)
 - Nærare vurdering av kva reell husleige kan bli
- Gjennomføre ei samfunnsøkonomisk vurdering ved lokalisering av felles tingrett på Hønefoss.
- Synleggjera mogelegheiter og konsekvensar ved utvikling av rettssenter i Hallingdal og fjerning av tingretten frå Hallingdal.
- Vurdere aktuelle alliansar med tilsvarande regionar som Hallingdal

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal oppmodar Domstoladministrasjonen til å gjera ei nærmare vurdering av mogelegheiter for eit rettssenter i Hallingdal, der følgjande blir vurdert:
 - a. Dagens og framtidig rombehov for eit rettssenter i Hallingdal
 - b. Avklare om tilgrensande kommunar kan lokaliserast til Hallingdal
 - c. Gevinstar ved samlokalisering, event. også med felles forliksråd for Hallingdal
 - d. Infrastruktur IKT
 - e. Nærare vurdering av kva reell husleige kan bli
2. Regionrådet for Hallingdal får gjennomført ei analyse som skal vurdere:
 - a. Samfunnsøkonomiske konsekvensar ved ei lokalisering av tingrett for Hallingdal på Hønefoss
 - b. Synleggjera mogelegheiter og konsekvensar ved utvikling av rettssenter i Hallingdal, alternativt fjerning av tingretten frå Hallingdal.
3. Regionrådet for Hallingdal avklarar aktuelle alliansar med tilsvarande regionar som er i same situasjon som Hallingdal
4. Regionrådet for Hallingdal tek politiske initiativ for å synleggjera mogelegheiter og konsekvensar ved utvikling av rettssenter i Hallingdal, alternativt fjerning av tingretten frå Hallingdal

Ål 8.10.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg

1. Brev frå Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett dat. 27.2.2014
2. Brev frå Domstoladministrasjonen, dat. 9.7.2015
3. Brev frå Domstoladministrasjonen, dat. 15.9.2015
4. Lesarinlegg frå direktør i Domstoladministrasjonen Sven Marius Urke, Hallingdølen 6.10.2015
5. Oppslag i Bergens Tidende 15.9.2015

SAK 50-15, VEDLEGG 1

Til Regionrådet for Hallingdal

Samlokalisering av Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett – invitasjon om lokalisering.

Vi er kjent med at det skal være møte i regionrådet fredag 28.2.2014, og ønsker at dette tas opp på møtet.

Regionrådet er tidligere kjent med arbeidet for å samlokalisere tingretten og jordskifteretten og etablering av lokalt rettsenter, jf. blant annet arbeidet med å opprette et felles forliksråd i Hallingdal.

Domstoladministrasjonen har, etter initiativ fra Justisdepartementet, ved brev av 21.2.2014 bedt domstolene komme med synspunkter på blant annet samlokalisering. Fristen for domstolene til å komme med sine synspunkter er satt til 14.3.2014.

Tingretten og jordskifteretten i Hallingdal har over en viss tid hatt dialog, og begge er positive til å arbeide for en samlokalisering.

Eventuell gjennomføring av samlokalisering og hvor den samlokaliserte domstolen skal ligge i Hallingdal, avgjøres av Domstoladministrasjonen. Dette er altså ikke et spørsmål som kan avgjøres politisk på regionnivå i Hallingdal.

Vi ønsker å få tilbakemelding på hvilke kommuner i Hallingdal som kan være aktuelle og interesserte i å tilby lokaler for en samlokalisert domstol. Tilbyder kan enten være kommunen selv eller private aktører. Det presiseres at det må legges til grunn at domstolene skal være leietaker, altså at domstolene (staten) verken skal være utbygger eller eier av bygningsmasse.

Vi har et klart ønske om at det på regionnivå er politisk enighet om å bidra til at det etableres en samlokalisert domstol i et lokalt rettsenter i Hallingdal. Etter felles etablerte spilleregler for kommunene i Hallingdal for lokalisering av blant annet statlige virksomheter, er det kanskje Gol og Nes som er mest aktuelle for en samlokalisert domstol. Det er greit for oss om regionrådet vil avklare hvilke kommuner som er aktuelle for å tilby lokaler for en samlokalisert domstol.

Det bes om at regionrådet/kommunene gir tilbakemelding til enten tingretten v/Vedde eller jordskifteretten v/Haugstad innen 14.3.2014.

Når det er avklart hvem som er de interesserte, er den foreløpige planen at vi avholder møte med de interesserte for grovt å avklare våre behov for lokaler mm. Dette vil da danne grunnlag for kommunene eller private aktører til å vurdere og konkretisere en skisse på det de kan tilby.

Det neste steg som da er aktuelt, er at vi i felleskap har et møte med Domstoladministrasjonen. Temaene i møtet vil da være å presentere ønsket om samlokalisering og etablering av lokalt rettsenter, og at hver kommune eller privat aktør presenterer en skisse på hva de kan tilby. Vi ser det som nødvendig og ønskelig at representanter for regionrådet også er med på dette møtet, for å vise at det er et felles politisk engasjement for domstolene i Hallingdal.

Dette sistnevnte møtet vil da forhåpentligvis kunne gi Domstoladministrasjonen et grunnlag for å ta stilling til selve samlokaliseringen og hvilken skisse som det skal arbeides videre med.

Nes/Gol 27.2.2014

Med hilsen

Stein Arne Vedde
domstolleder
Hallingdal tingrett

Ivar R. Haugstad
domstolleder
Øvre Buskerud jordskifterett



Saksbehandler: Marit Lie-Nordsjø
 Direkte tlf.: 73567120
 Dato: 09.07.2015
 Saksnr.: 14/252 - 6
 Arkivkode:
 Deres ref.:

Øvre Buskerud jordskifterett
 Jordskifteretsleder
 Gol kommunehus, Gamlevegen 4
 3550 L

ØVRE BUSKERUD JORDSKIFTERETT	
J.nr.	Mottatt
595/2015	17/7-15
Arkivnr./Saksnr.	
03	

Eventuell samlokalisering av domstolene i Hallingdal

Domstoladministrasjonen (DA) viser til telefonmøte 29.6.2015, samt tidligere kontakt og korrespondanse vedrørende en evt. samlokalisering av domstolene i Hallingdal. Vår tilnærming til saken har bygd på at basert på et omforent arealbehov og romprogram skulle både Gol kommune og Nes kommune få anledning til å gi tilbud på nye lokaler før endelig lokalisering av de to domstolene ble bestemt.

De senere årene har den stramme driftssituasjonen for domstolene lagt sterke begrensninger når det gjelder å kunne imøtekommne behov for utbedringer av og nye lokaler for domstolene. DA har vært positiv til samlokalisering av tingretter og jordskifteretter hvor dette er hensiktsmessig. Dette blant annet sett i sammenheng med de faglige og administrative gevinstene som en samlokalisering antas å gi. Merutgiftene ved en samlokalisering må imidlertid tillegges stor vekt.

Basert på forventede arealbehov viser DAs vurderinger at en samlokalisering av domstolene i Hallingdal vil kunne gi en antatt årlig husleieøkning på mellom 1,0 mill. kr til 2,0 mill. kr. Størrelsen på merutgiftene vil være avhengig av om alternativene er rene nybygg eller en kombinasjon av nytt og rehabilitering. Betydelige merutgifter vil oppstå ved begge alternativer. I tillegg til de årlige merutgiftene til husleie, vil det også være behov for investeringer i inventar og utstyr på om lag 2 mill. kr.

Etter en nærmere gjennomgang vurderer DA at de antatte utgiftsøkningene ikke vil forsvare synergieffektene ved en samlokalisering. Våre forventninger til domstolenes fremtidig ressurssituasjon og øvrige økonomiske prioriteringer må også vektlegges. Det vil derfor dessverre ikke være aktuelt å gå videre med planene for en samlokalisering i Hallingdal, og domstolene fortsetter i de nåværende leieforholdene.

DA vil benytte anledningen til å takke domstolene og brukerutvalget for innsatsen som er nedlagt i arbeidet med å forberede en eventuell samlokalisering av Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett.

De berørte kommunene vil bli informert om DAs beslutning.

Med hilsen

Jann Ola Berget
 avdelingsdirektør

Marit Lie-Nordsjø
 seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

SAK 50-15, VEDLEGG 3

Fra: Berget, Jann Ola

Sendt: 15. september 2015 21:22

Til: Bech, Lisa Elin; Iversen, Ivar K; Nervik, Marit; Vedde, Stein Arne; Sandbukt, Unni; Olsen, Frank Kjetil; Ramberg, Kirsti; Roll, Hans Edvard; Eidissen, Rolf; Kirkerud, Arne Eirik; Selfors, Rolf; Tørrissen, Roald; Bjørneset, Kirsti Høegh; Ødegaard, Ole Ingar; Bjørnøy, Kari Johanne; Rastum, Håkon; Skjeldal, Klaus; Gramstad, Knut; Versland, Robert; Svendsen, Yngve; Carlstedt, Dag; Viken, Stig; Rønning, Knut; Vigmostad, Siri; Agnalt, Arnfinn; Flavik, Wenche; Haaland, Bjørn Runar; Ytrehus, Rolf; Løvold, Elisabeth Bjørge; Mowatt, Terje; Øygard, Ivar; Tømmervold, Trond Ivar

Kopi: Urke, Sven Marius; Moen, Solveig; Moe, Erling; Arnstad, Iwar; Fikkan, Arnstein; Olsen, Ingrid; Moen, Hilde Wahl; Borgersen, Anne Mari

Emne: Orientering om Domstoladministrasjonens arbeid med forslag til strukturendringer i domstolen høsten 2015

Til domstolledere

Domstoladministrasjonen (DA) vil i løpet av høsten 2015 vurdere mulige sammenslåinger av førsteinstansdomstoler. Det tas sikte på en fremdrift i arbeidet som innebærer at de konkrete sammenslåingsforslagene DA ønsker å fremme, kan oversendes departementet ved årsskiftet 2015/16. DAs styre bestemmer hvilke endringer i domstolstrukturen som skal foreslås for Justis- og beredskapsdepartementet. Dette vil kunne innebære at Stortinget eventuelt tar stilling til disse høsten 2016. Hvilke domstoler som omfattes av arbeidet, fremgår av tabellen nedenfor. Dette er ikke en fullstendig gjennomgang av domstolstrukturen i landet, men mulige endringer som bidrar til flere store domstoler og færre små domstoler i samsvar med bla. evalueringen av strukturendringene i førsteinstansdomstolene som DA gjennomførte i 2010 etter at antallet domstoler var redusert fra 92 til 66. Vi har også bygd videre på de uttalelser domstollederne kom med i 2014 da DA på initiativ fra JD innhentet synspunkter på domstolstrukturen.

DA vil gjennomføre vurderingen av aktuelle sammenslåinger og endringer i rettskretsene i to faser. I den første fasen vil det bli gjennomført besøk fra DAs ledelse til de berørte domstolene for å høre synspunkter fra domstolleder og tillitsvalgte før det tas stilling til om det skal foreslås endringer i domstolstrukturen. For de domstolene hvor det eventuelt vil bli foreslått strukturendringer, vil DA gjennomføre en fase to ved å avholde nye møter med domstolenes ansatte, representanter for profesjonelle brukere og lokale politiske organer.

Vi er i gang med å avtale domstolbesøk for første fase, og vil i nær fremtid kontakte de domstoler som enda ikke har fått en avtale om domstolbesøk.

Mvh.

Jann Ola Berget
avdelingsdirektør

SAK 50-15, VEDLEGG 3

Tingretter	Mulig sammenslåingsalternativ
Inntrøndelag tingrett	Nord-Trøndelag tingrett
Namdal tingrett	
Ringerike tingrett	Øvre Buskerud tingrett
Hallingdal tingrett	
Nord-Troms tingrett	Ulike sammenslåingsalternativer
Senja tingrett	
Trondenes tingrett	
Vesterålen tingrett	
Lofoten tingrett	
Ofoten tingrett	
Rana tingrett	Helgeland tingrett
Alstahaug tingrett	
Brønnøy tingrett	
Sunnmøre tingrett	Sunnmøre tingrett
Søre Sunnmøre tingrett	
Fjordane tingrett	Sogn og Fjordane tingrett
Sogn tingrett	
Bergen tingrett/ Nordhordland tingrett	Hordaland tingrett
Hardanger tingrett	
Sunnhordland tingrett	
Lister tingrett	Vest-Agder tingrett
Kristiansand tingrett	

SAK 50-15, VEDLEGG 3

Tønsberg tingrett	Vestfold tingrett
Nordre Vestfold tingrett	
Sandefjord tingrett	
Larvik tingrett	
Fredrikstad tingrett	Østfold tingrett (evt. andre alternativer)
Sarpsborg tingrett	
Moss tingrett	
Halden tingrett	
Heggen og Frøland tingrett	
Nord- Gudbrandsdal tingrett	Gudbrandsdal tingrett
Sør-Gudbrandsdal tingrett	
Gjøvik tingrett	Gjøvik og Valdres tingrett
Valdres tingrett	
Jordskifteretter	Mulig sammenslåingsalternativ
Nord-Gudbrandsdal jordskifterett	Oppland jordskifterett
Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett	
Glåmdal jordskifterett	Nedre Hedmark jordskifterett
Hedemarken og Sør-Østerdal jordskifterett	

LESARBREV

lesarbrev@hallingdolen.no

Samarbeid i Gol

Frp på Gol velger å gå i valgteknnisk samarbeid med følgende partier: Ap, KrF, SV og Vi i perioden 2015 -2019. Dette gjelder utvalgene – utvalg for kultur og levevilkår og utvalg for natur og næring i Gol kommune. Vi prøvde å få til et samarbeid med Høyre, men de avviste oss. Vi går i valgteknnisk samarbeid får å kunne påvirke politikken i Gol. Vi takker samarbeid partiene for tilliten.

KRISTIN GABRIELSEN, SEKRETÆR
GOL FREMSKRITTSPARTI

Olav Randens debattknep

Olav Randen kan skrive levande og godt, ikke minst om steinbuer og snaufjell.

Brukande kan det også vera når han tek opp einskilde samfunnstema som han ser og tolkar gjennom politiske brilleglas, sjølv om ståstadene er ytste venstre.

Verre blir det når han kjem i ordskifte og vert motsagt.

Me har hatt ein noko spesiell disputt om mjølkeproduksjon i den israelske ørkenen. Ut frå alle rimelege mål og omsyn meiner eg (og Sverre Arnegard, som òg var med på turen) at det er imponerande kva det arbeidsvillige felleskapet i Kibbutz Yotvata har oppnådd, blant anna med stell av kyr som yter mjølkemengd og sikrar meieriproduct i verdstoppen.

Men Olav Randen er slik laga, at han stikk piggane ut straks han hører ordet Israel; difor legg han heile si sjel i å finne negative ting ved denne mjølkeproduksjonen (dårlig velferd, bruk av dop, steling av vatn, osv.). Hans bidrag i dette ordskiftet er ei febrilsk, samanhengande mistenkeleggjering av det jordbrukskarane på israelsk side står for.

Han prøver i eit innlegg 26. september å bruke det gamle knepet med å ville framstille seg sjølv som ein sokjande person, ein som i alle ordskifte berre held seg til saklege argument og fakta, i audmjuk von om dialog, medan andre (til domes underteikna) får passet påskriven fordi han stundom nyttar personkarakteristikk og frisk ordlegging. Kort sagt: Det Hallgrím Berg skriv, er ikkje anna enn «vas». I innleget nyttar han denne karakteristikken om min skrivemåte ikkje mindre enn fem gonger.

Dersom det skulle vera avgjerande for å få Randen i betre humør, kan eg gjerne seia meg lei for at ein og annan debattant gjennom åra kan ha oppfatta folkelege uttrykk hjå

På Hallingdølens lesarbreveside kan alle si meininga si om aktuelle spørsmål. Innlegga bør helst vera underteikna med fullt namn. Signatur kan også brukast, men redaktøren må alltid ha namnet til den som skriv. Redaktøren har høve til å korte ned og redigere innlegga. Innsendte lesarbrev blir ikkje returnert. Skriv kort, poengtret - og bruk gjerne e-post.

Derfor vurderer vi sammenslåing

I flere medier reageres det på at Domstoladministrasjonen (DA) arbeider med et forslag om sammenslåinger av tingretter. Jeg ønsker derfor å forklare hvorfor vi gjør dette.

Det er viktig å merke seg at DA er uavhengig av regjeringen og justisdepartementet. For å understreke uavhengigheten, ledes DA av et bredt sammensatt styre som består av 9 medlemmer. Både domstolenes brukere, allmennheten, dommerne og saksbehandlerne i domstolene er representert i DAs styre. 7 av medlemmene er oppnevnt av regjeringen og 2 er oppnevnt av Stortinget.

En konsekvens av uavhengigheten er at DA kan utrede og foreslå reformer uten at disse er klarert med politiske myndigheter på forhånd. Ofte er det likevel slik at reformene som DA foreslår ikke kan gjennomføres uten politisk medvirkning gjennom lovvedtak og/eller finansiering.

Flere argumenter taler for

En tilpasning av domstolsstrukturen til brukernes behov og økonomiske realiteter er ikke noe nytt. I 2001 bestemte Stortinget at antall tingretter skulle reduseres fra 92 til 66. Etter gjennomføringen foretok DA i 2010 en evaluering av disse sammenslåingene. Tilbakemeldingene var stort sett svært positive. På bakgrunn av evalueringen konkluderte et enstemmig styre med at tingrettene som et minimum bør ha 8 til 10 dommere og omtrent det samme antall saksbehandlere. I strategien for norske domstoler frem mot 2020, som styret i DA vedtok i desember 2013, er en videre tilpasning av tingrettsstrukturen et sentralt element for moderniseringen av norske domstoler.

Unntak fra minimumsbemanningen på 8 til 10 dommere må likevel gjøres ut fra hensynet til reisetid. Noen steder er avstandene i Norge så store (og vinterværet så dårlig) at det av hensyn til brukerne ikke er tilrådelig å gjøre vesentlige endringer i dagens struktur.

Det er flere forhold som taler for etablering av større tingretter. For det første har mange publikumsrettete oppgaver etter hvert blitt flyttet ut av domstolene slik at folk flest svært sjeldent har behov for å besøke tingrettene. Mange steder i distrikten er reisetiden kortet ned ved bedre veier, tunneler og broer. Videre er det svært viktig at saksbehandlingen i domstolene er i ferd med å bli digitalisert og at for eksempel vitneavhør overført per video er blitt mer vanlig. Bruken av ny teknologi gjør altså at man kan aksepte-



GJØR REDE FOR SAMMENSLÅING AV TINGRETTER:
Sven Marius Urke, direktør i Domstoladministrasjonen. (Foto: Privat)

re større avstander til domstolene. En digitalisering av saksbehandlingen vil dessuten kreve kompetanse og utstyr i tingrettene som vil koste for mye med dagens struktur. Det er også helt på det rene at det er store fordeler med større faglige miljøer som gir grunnlag for en spesialisering innenfor visse fagfelt. Svært små tingretter er sårbarer og vil ofte mangle robusthet og kapasitet ved sykdom, annet travær, økning/nedgang i saksmengden, sikkerhet, mulighet til kompetansebygging på arbeidsplassen og så videre.

Sammenslåinger av domstoler har skjedd og skjer også i våre naboland. Danmark har 24 tingretter, omtrent samme befolkning som oss, men riktig nok en ganske annerledes geografi. Sverige har 48 tingretter med omtrent dobbelt så mange innbyggere som i Norge. Finland, med en noe høyere befolkning enn i Norge, har 27 tingretter og det er planer om å redusere antallet til 17, eventuelt 14 i løpet av høsten.

Konkluderer i januar

I dag har 48 av tingrettene våre færre enn 8 dommere. Av disse har hele 25 færre enn 4 dommere. Vi har altså en struktur med svært mange små tingretter. Selv om det legges til grunn at flere av disse små domstolene vil måtte bestå ut fra geografiske hensyn og reisetid, antar vi at antallet tingretter bør reduseres til ned mot 30 over noe tid.

Det er mange hensyn som må ivaretas når domstolsstrukturen skal bestemmes. DA fokuserer på de domstolsfaglige hensyn. Hvordan skal vi sikre at domstolene forblir den fo-

retrukne konfliktløser i samfunnet i et lengre perspektiv? Hvordan skal vi sikre at domstolene fortsatt skal kunne løse sakene med høy kvalitet og innenfor den tidsrammen som Stortinget selv har fastlagt og de bevilgninger som sannsynligvis vil komme? Dette er vårt fokus. Dette er vårt samfunnoppdrag. Gitt oss av Stortinget.

Endringer i domstolsstrukturen berører mange og det er viktig at prosessen er god. At alle får komme til med sine perspektiver. At faktum kommer på bordet og at alle relevante forhold vurderes nøyde. DA legger stor vekt på dette. Både lokale og sentrale tillitsvalgte er med i prosessen. Vi reiser ut til alle de berørte domstolene og snakker med alle, dommere og saksbehandlere. Vi kjører mellom domstolene for å danne oss et inntrykk av avstandene. Der vi etter dette mener det kan ligge til rette for en sammenslåing, skal vi ha møter med de berørte kommuner, advokater, politi, påtalemyndighet og andre som er interessert før vi bestemmer oss. Styret følger saken nøyde. Saken ble diskutert på styremøtet nå i september og skal opp både i november og desember. I slutten av januar neste år skal styret ta endelig stilling til hvilke sammenslåinger det vil anbefale overfor Justisdepartementet. Dersom regjeringen er enig i DAs forslag, vil det deretter bli en offentlig høring hvor alle igjen vil kunne si sin mening. Til slutt vil Stortinget ta endelig stilling til saken.

På de domstolsbesøk som er gjennomført så langt, har vi fått svært gode tilbakemeldinger på prosessen. Dommere og andre ansatte i domstolene er kjent med styrets vedtak av 2010 og den gjeldende strategien. Et initiativ i forhold til sammenslåinger av domstoler er noe de har ventet på lenge og mange innser at dagens struktur ikke er tilpasset fremtidens krav og de økonomiske rammer som domstolene kan forvente fremover. Mange er likevel bekymret for de konsekvenser en endring av tingrettsstrukturen vil ha for dem selv og noen har vansker med å se at det overhodet er nødvendig å gjøre noe med dagens struktur.

Til slutt. DAs uavhengige rolle og lov-pålagte ansvar for utviklingen av domstolene, basert på domstolsfaglige hensyn, tilsier en viss tilbakeholdenhets fra regjering og storting med å overprøve DAs sentrale vurderinger. Den man gir et styringsansvar må man også utstyre med styringsevne.

SVEN MARIUS URKE, DIREKTØR I DOMSTOLADMINISTRASJONEN

meg som noko nedlatande. Det er greitt.

Men, no som før: Dei som hevdar at islam er «fredens religion», utan å kunne ein døyt om islams historiske valdsbruk og islamismens ufattelige herjingar opp gjennom hundreåra, fram til dagens terror, vil framleis få påtale - ja, kanskje vedkomande fortener å dra på seg ein ladning råkande hallinguttrykk?

Ordskifte og usemje er sunt, men verkar best når partane er på same banen. Kompromiss og moderasjon er berre mogleg for dei som evnar å sjå ei sak frå to sider. Det veit alle som er folkevalde i kommune og stat, for dei må alltid venja seg til å søkje kompromiss. Det slepp Olav Randen.

Han hugheilar totalitær kommunitisme, framleis med Mao Zedong som ei leiarstjer-

ne, etter at andre trusfeller i den norske rørla for lengst har vendt seg frå den kinesiske despoten. 50–60 millionar døde er därleg reklame å dra med seg.

Men Randen vil ikkje ha kompromiss: Same veka som han går laus på meg i Hallingdølen, klagar han i Klasseskampen mot sjefen i partiet Rødt, Bjørnar Moxnes, fordi også han distanserer seg frå

Mao og vil ha partiet over i ei form for demokratisk sosialisme. -Eg er no partilaus, opplyser Randen.

Med andre ord: Rødt er ikkje raudt nok for Olav Randen. Då skjønar me situasjonen: Med hans utanopparlamentariske ståstad blir polemikken viktigare enn politikken. Det blir viktigare å «vinne» ein debatt enn å ville gjera samfunnet betre.

HALLGRIM BERG

24 av 65 domstoler holder ikke fristen

Bergens Tidende, side 21 – 15. sep.

Av: Håkon Letvik foto Ingar Storfjell

De tregeste Senere
denne uken skal fly-
kapteinen som ble
tatt med promille på
Gardermoen få sin
dom. Den får han i
den tregeste tingret-
ten i landet.

Stortinget vil at
dom i straffesaker skal
avsies 90 dager etter at
saken har kommet til
retten. Øvre Romerike tingrett bruker 120 dager
i gjennomsnitt på en straffesak, skriver Aftenpos-
ten.

Tingretten er en av 24 norske domstoler som
ikke makter å oppfylle de målene Stortinget har
stilt om rask og effektiv saksbehandling.

– Små og store skjebner Til sammenligning
klarer den raskeste av domstolene, Nord-Østerdal
tingrett, å avsi dom i straffesaker i løpet av 30
dager.

Den lange ventetiden kan være problematisk
for mange. Bak veggene i det moderne, steinkledde
tinghuset like ved Vorma driver de ansatte en
variert juridisk «landhandel» med små og store
juridiske spørsmål. Sakene har spesielt stor betydning
for den det gjelder – tiltalte, fornærmede, en
ansatt som urettmessig har fått sparken, små barn
som ikke vet om de skal bo hos mamma eller pappa
etter en skilsmisse, arvinger som krangler om
arven etter mor eller far, en konkurs som truer
med å trekke andre firmaer og mange ansatte med
i ulykken.

– Rettssikkerhet er en viktig del av demokrati-
et. Folk må få sin rett og til rett tid. Vi ser små og
store menneskeskjebner på nært hold hver enes-
te dag. Og jeg beklager at mange må vente, sier
sorenskriver Randi Haukebø, som er tingrettens
leder.

Hun legger ikke skjul på at det er tungt både
for henne og for de ansatte stadig å ligge dårlig an
i statistikken – en plassering de slett ikke ønsker.
En intern produksjonsstatistikk viser at produk-
sjonen pr. dommer på Eidsvoll ligger godt over



landsgjennomsnittet.

Vil øke Men sorenskriveren sier ærlig: –
Saksbehandlingstiden vil øke, ikke gå ned, slik
det ser ut i dag.

– Vi har hittil i år fått inn 50 prosent flere
straffesaker enn på samme tid i fjor. Når Stortin-
get setter klare mål for saksbehandlingstiden, må
politikerne også gi oss muligheter til å nå disse
målene, sier Haukebø.

Romerike politidistrikt fikk i vår åtte ekstra
politjurister. De gikk løs på hauger av straffesaker
som hadde samlet støv. I tur og orden ble sakene
sendt over til retten.

– Det er bra at politiet har fått ressurser og kan
behandle straffesakene raskere. Men vi har ikke
fått noen ekstra ansatte. Vi må behandle sakene,
bevisene skal vurderes, og det må avsies grundige
dommer, sier sorenskriveren.

Fakta:

Vanlige straffesaker (tallet angir antall dager)

Jæren 171

Follo 150

Nordhordland 141

Tilståelsessaker:

Øvre Romerike 57

Sogn 36

Ofoten 27

Sivile saker:

Sogn 276

Nordre Vestfold 249

Tønsberg 240

De raskeste domstolene

Vanlige straffesaker:

Nord-Østerdal 30

Sør-Østerdal 39

Hallingdal 39

Tilståelsessaker:

Halden 6

Hammerfest 6

Hallingdal 9

Sivile saker:

Brønnøy 102

Valdres 114

Sunnmøre 114

Vil halvere antall domstoler

Bergens Tidende, side 21 –15. sep.

– Alle innbyggere i Norge bør ha lik rett og lik adgang til et effektivt rettsvesen uansett hvor de bor, sier Domstolsadministrasjonens direktør.

Det er deres halvårsstatistikk som viser de store forskjellene i tiden landets 65 tingretter bruker på å behandle sivilsaker og straffesaker.

Mens raskeste tingrett bruker seks dager før det avsies dom i en tilst  elsessak, bruker en annen domstol 57 dager. I en vanlig straffesak spriker tidsbruken fra 30 til 171 dager.

Direkt  r Svein Marius Urke mener at det m  tas noen grep slik at alle domstolene kan klare Stortingets m  l. Blant annet at antallet tingretter b  r halveres og kanskje komme ned i 30.



– Med s  o mange tingretter som i dag, blir det altfor mange ulike rutiner og arbeidsm  ter. F  rre tingretter vil gj  re det lettere    harmonisere saksbehandlingen. St  rre enheter med flere dommere vil ogs   gj  re det enklere    ta «topper» i saksmengden. Vi vil i h  st ogs   fremme forslag om innf  ring av et heldigitalisert saksbehandlingssystem. Det vil øke effektiviteten, sier Urke, som h  per politikerne p   Stortinget vil se positivt p   det og bevilge de pengene som trengs.

Direkt  r peker p   at rask saksbehandling er viktig, b  de for tiltalte og forn  rm  de i straffesaker, og for partene i sivile saker og for n  rlingslivet.

– Spesielt viktig er det med rask behandling i saker som ber  rer barn. Og for    f   gode og riktige avgj  relser er det viktig    f   avh  rt vitner s   raskt som mulig etter at hendelsen har skjedd, sier Urke.

I tillegg til de andre forslagene mener han det vil v  re n  dvendig med en viss styrking av bemanningen.

Juryer trenger voksne folk

Stavanger Aftenblad, side 16 –15. sep.

Av: Cornelius Munkvik

Forsvarsadvokat Odd Rune Torstrup velger seg gjerne eldre kvinner når juryen i voldtektsaker skal settes.

Bistandsadvokat Helene Haugland uttalte i mandagens Aftenblad at alderssammensetningen i juryen kan v  re problematisk i voldtektsaker. «Jeg merker meg at forsvarere i   kende grad stiller sp  rsm  l som skal s   tvil om den forn  rm  des moral. For eksempel tidligere



seksuell erfaring og om det har v  rt fl  rting i forkant av overgrepet. P   den m  ten fors  ker forsvaret    legge et ansvar p   den forn  rm  de og hovedfokuset blir moral og ikke overgrep. Juryens alder kan i s   m  te v  re problematisk. Moralske verdisett kan variere ogs   i forhold til alder», sier Haugland.

– Krisen inntrer når en uskyldig mann blir d  mt for voldtektsaker. Ikke når en som er skyldig blir frifunnet, sier Odd Rune Torstrup.

Har levd litt Tall Aftenbladet har f  tt fra Domstolsadministrasjonen viser at snittalderen til Norges 10.035 jurymedlemmer er i overkant av 52   r. Torstrup ser p   det som en fordel at menneskene som skal avgj  re skyldsp  rsm  let i voldtektsaker har noen ti  r bak seg.